

# Ulvik Cittaslow

## Referat Cittaslowrådet nr. 3-2019

Tysdag 02.04.2019

**Sted:** Kantina, 2 høgda, tenestetorget

### Tilstades:

Jorid Lekve Eide

Thore Hopperstad

Geir Natland

Stein Olav Kolås

Vibeke Korsnes

Jardar Vikør

Julie Gyllander (sekretær)

### 13/19 Godkjenning av innkalling (V)

**Vedtak:** Godkjent

### 14/19 Orienteringar (V)

Forrige møte vart det diskutert korleis me skulle jobbe med plasthåndteringa i bygda. Rådet diskuterte at me burde få betre bosspann der me allereie har bosspann, og gjerne eit eller to til. Betre i den forstand at dei ser finare ut og at det er mogleg å resirkulera. Det bør vera eit ordentleg bosspann i sentrum, tyssevik, holmen og på prestakaaien. Kanskje ein og kunne laga ein oppmoding til bygda i form av ein plakat ellar liknande når det kjem til boss handtering. Klistremerke til sertifisering og ymse bruk er komen fram. Og ha eit prosjekt med skulen rundt kulturminnedagane kan vise seg vanskeleg i 2019, kanskje me kan få til å gjere noko arbeid slik at det er mogleg å få det til neste år.

Vedtak: Julie ser på om det er mogleg å oppmoda heradet til å få på plass slike bosspann.

### 15/19 Dugnad i vår (V)

**Vedtak:** det skal vere to dugnadar i vår. Den eine 04.05.19 for å rydde bygda og ei 14.06.19 for å pynte bygda til kongebesøk den 19.06.19. Cittaslowrådet skal planta ei snigle i sentrum på dugnaden i Juni. Julie finn ut kva for blomar som eignar seg best til dette.

### 16/19 Sertifisering (V)

Den 19.03.19 var Julie Gyllander og Håkon Gjerde på synfaring hos brukt butikken Grenselaust. Det ble klart på synfaring at alle punkt som var søkt på stemde overeins med det verksemda gjer. Rådet diskuterte korleis me skal avgjera den endelege godkjenning av sertifiseringa. Det ble vidare diskutert når verksemdene skal få plaketten og diplommet. Cittaslow skal ha eit kveldsmatstreff som handlar om sertifisering, dato 08.05.19. Det hadde vore kjekt om nokon som har blitt sertifisert hadde prata litt om det. Det er også eit ønskje om å laga ein enkel søknad til anledninga slik at ein enkelt kan søke på sjølve møtet. Neste Cittaslowrådsmøtet er og den 08.05.19, om det er naudsynt med eit møte kallar Julie inn rådet før Kveldsmatstreffet.

**Vedtak:** Grenselaust vart godkjent Cittaslows ertifisert. Julie overlever plakett. Om det er lenge til Cittaslowrådsmøtet vert det sendt ut ein mail til dei i rådet med ein rapport frå synfaringa, med ein svarfrist på 2 dagar for eventuelle innvendingar, er det tett opp på eit møte kan det takast på møte. Plakett vert gitt til verksemd etter godkjenning av rådet og diplommet vert utlevert på Oktobertorget. Julie tek kontakt med tidlegare sertifiserte og lagar ein søknad til kveldsmatstreffet.

### **17/19 Representasjon og referat (O)**

Julie Gyllander og Hans Petter Thorbjørnsen skal tinga billetter til Orvieto i Juni for å delta på årsmøte i Cittaslow. Dei skal og delta på eit møte med det nordiske rådet i København den 6. Mai.

### **18/19 Ope post (O)**

- I førre referat vart det skriven at det ikkje resirkulerast på skule og i barnehagar, dette stemmar ikkje. Julie rettar difor opp feilen i det førre referatet.
- Innspel frå Slow Food om ein tur frå produsent til produsent for folk i bygda. Slik at me veit kva som eigentleg produserast i Ulvik og blir kjende med produsentane. Dette er noko Cittaslow kan vera med å arrangera. Dato og opplegg må diskuterast vidare.
- Få meir informasjon om korlein ein gjer ting i andre stadar i vera. Me kan lære masse av andre og dei av oss. Er det mogleg å visa mindre filmsnuttar av interessante ting dei gjer andre stader? Julie undersøker dette vidare.

### **Førebels agenda for neste møte:**

Orienteringar frå Julie

Oktobertorg

Sertifisering

Dugnad

Ope post

Takk for møte!

Julie Gyllander